

Til	Omframnt årsmøte i Hareid idrettslag	Sak 7/2021-2022
Sak	Bygging av turnhall	
Dato	17.11.2021	
Frå	Hovudstyret	

1. Formål

Formålet med denne saka er å vedta tilråding om bygging av turnhall i eigen regi.

2. Bakgrunn

Turngruppa i HIL har gjennom fleire år hatt svært dårlege treningstilhøve. Ved nytte av Hareidhallen må dei flytte utstyret inn til og ut frå hallen til kvar trening, og dette er slitsamt både for personane og utstyret. Alle andre grupper i idrettslaget har svært gode treningstilhøve, og det er no på tide at også turngruppa med sine 250 medlemar får gode tilhøve.

Kontorlokala til klubben sin administrasjon og tillitsvalde er ikkje tilfredsstillande, og vaktmeister treng og høvelege lokale for eige behov. Det er derfor lagt inn i planen at administrasjonen og noko tillitsvalde flyttar til turnhallen.

Gjennom nært samarbeid med Hareid kommune har vi fått tilsegn om leige av tomt mellom Hareidhallen og Pålplassen i 30 år for kr. 1,-/år. På tomta er det gjort grunn- og forminneundersøking. Målet er framleis å kunne starte bygging i månadsskifte mars/april 2022, og ha opning av hallen på 100-års dagen for Hareid Idrettslag 28.12.2022.

3. Vurderingar

Sjå vedlagte teikningar og rekneark; ark 1 Finansiering og ark 2 Årleg driftskostnad. Desse vert og gjennomgått i møtet.

Om byggutforminga.

Hovudstyret tilrår bygging av ein mellomstor turnhall etter malen «idrettens basishall» med tillegg av eit «servicedel» på 270 m². Servicedelen har 2 etasjar og inneheld entre, toalett, garderobesett, klubbrom og kontor, sosial del, styrketreningsrom, lager og teknisk rom (over klubbrom), som vist på planteikningar. På grunn av branntekniske forhold må golvflata avgrensast, og lager og treningsrom blir derfor plassert i 1. etg. med full takhøgde (7 meter).

Om tilbod og økonomi

Budsjettprisen frå i vår ga ein totalkost på mkr 17,1. Det har vore stor auke i prisane på byggematerialar i mellomtida, og i tillegg er det ønskt fleire «gropar» i turnhallen. Endelege tilbod viser ein totalkost på mkr 20.5.

Finansiering

Det er gjort noko arbeid mot dei største bedriftene i Hareid og Sparebanken Møre om støtte til prosjektet, men førebels få konkrete avtalar. Fleire meiner det vil vere betre å gi støtte over fleire år i staden for eingongstøtte. Alle vil gi noko, men det er tydeleg at «marknaden» for sponsorstøtte er svak.

Ein del kostnadar er utafor grunnlaget for spelemidlar. Vi får maks mkr 6,0 for sjølve hallen og maks 1/3 av kostnad for tilleggsroma, og reknar med til saman mkr 6,5 i spelemidlar.

Vi tilrår at vi fullfinansierer hallen (byggelån, mellomfinansiering og langsiktig lån) i KLP med rente på 1,3 %, med 5 års avdragsfriheit og deretter 33 års nedbetaling. Dette krev sjølvskyldnargaranti frå kommunen, og må godkjennast av statsforvaltaren. Vi vonar at godkjenninga ligg føre innan fristen for spelemiddelsøkna.

Vi får lengre tid til å søke støtte frå bedrifter og private der vi vektlegg jubileumsåret, og støttemidlane som vi får inn kan vi bruke til nedbetaling av lån, innkjøp av utstyr til hallen eller redusere driftskostnadane over tid og dermed brukarbetalinga.

Årlege driftskostnadar

I reknearket har vi prøvd å få fram dei ekstra driftskostnadane idrettslaget får som fylgje av turnhallen. Fleire element er kanskje optimistisk vurdert, og vi må satse på en god del dugnad om dette skal halde. Frå og med 2028 kjem avdrag i tillegg til rentene. Det vert svært viktig å redusere gjelda i perioden 2023 – 2027. Det vil og redusere rentekostnaden.

Turnaktivitet er ein basis for all idrett om ein seinare satsar på spesialisering innan andre idrettar. Det kan og vere nyttig for andre å nytte turnhallen til tider. Dette, saman med at deler av hallen (styrketreningsrom og klubbrom/kontor) er til nytte for heile laget, tilrår hovudstyret at kostnadane blir delt mellom hovudlaget og turngruppa. I budsjetta for komande år reknar med å auke medlemskontingenten for heile laget og Turngruppa må rekne med å ta største delen av driftskostnadane med auke i sine treningsavgifter.

Erfaringar frå andre som har bygd turnhall er ein auke i medlemstalet på ca 25 %.

4. Forslag til vedtak

Årsmøtet vedtek å bygge turnhall i eigen regi med kostnadsramme på mkr 20.5 som omtalt i dette saksframlegget med tilhøyrande vedlegg.